DEN HISTORISKE

HAGEN PÅ STEND



Modell som syner dei viktigaste fagfelta som gjeld for arbeid med historiske grøntanlegg. Hagekunsthistorie ligg i skjeringspunktet mellom alle.

Institutt for landskapsplanlegging, ILP,
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet.

Prosjektleiing «Hagen på Stend»:
Ingebjørg E. Astrup frå 14.12.2010 til 22.6.2015
Anne Irgens frå 22.6.2015

Forord

Sommaren 2015 tok ein hage form framfor hovudhuset på Stend, og komposisjonen av beda i geometriske formar gav råma rundt sommarblomar, urter og korn gjennom heile vekstsesongen. Forbipasserande og dei som var på staden, gledde seg over synet, og fleire ville vita meir om bakgrunnen for hagen og aktiviteten der gjennom dei siste åra.

Med dette heftet ønskjer eg som prosjektleiar å gje eit oversyn og ein dokumentasjon av arbeidet som har vore utført i prosjektet «Hagen på Stend», med von om at det vil vera av interesse for eit ålment publikum. Men også med tanke på at det kan vera av nytte for andre miljø som skal i gang med undersøking av historiske hagar. Her kan dei få kjennskap til korleis dette har blitt løyst i prosjektet «Hagen på Stend». Eg vil dela kjelder, overordna tankar for prosjektet, rekkefølgje av undersøkingar, kva for tiltak som vart sette i verk og korleis vi søkte å sikra det tverrfaglege samarbeidet.

Samstundes vil eg gratulera både skulen og publikum med hageinteresse med realiseringa av dette hageanlegget. Det synleggjer ein etappe av arbeidet med den historiske hagen på Stend. Denne presentasjonen skal vera tilgjengeleg ved opningsmarkeringa for hagen i september 2016 i samband med feiringa av 150-årsjubileet for skulen på Stend, og det er å ønskja at innhaldet vil vera aktuelt i lang tid.

Ingebjørg E. Astrup
Juni 2016

Tekst og foto: Ingebjørg E. Astrup

Foto s. 6/7: Inge Døskeland, s. 21 t.v.: Øystein Skår,
s. 22: Anne Irgens, bakside: Jens Christian Lindheim Skulstad

Formgjeving og trykk: Bodoni AS

Hordaland fylkeskommune 2016
ISBN 978-82-91679-74-6

Dreier 1816

Visuelle kjelder

Christie sitt kart frå 1776 er utarbeida av Stiftskonduktør Werner H. Christie. Kartet er på Statsarkivet i Bergen.

Dreier sitt prospekt frå 1816 er eit maleri av Johan F L Dreier. Det var tinga av Krohnfamilien, og originalen er å finna på KODE 1 i Bergen.

Wilson sitt kart frå 1867 er eit gardskart utarbeidd av Georg A. Wilson der også området for hagen er med. Fylkesarkivet.

Desse tidlege kjeldene har vore nytta i alle dei ulike fasane i prosjektet.

Christie 1776



Wilson 1867

Innhald

Hagen på Stend

Dei lange linene 3
Draumen om hagen 3
Politisk vedtak og oppfølging 5
Den forsvunne hagen på Stend 6
Utvida forprosjekt 8
Definisjon av historiske hagar 8
Organisering og finansiering 9

Undersøking og tolking

Seminar 11
Arbeidsseminar, fagseminar, møte og telefonmøte 14
Georadar 15
Arkivarbeid 18
Hagearkeologiske registreringer 19
Pollenanalyser i sjakt 1 og 2 22
Planteregistrering – Herbarium 24
Historisk dokumentasjon 25

Hovudprosjekt

Plan 28
Anlegg 28
Drift 31
Perspektiv frametter 31

Litteraturliste 33

Hagen på Stend

Dei lange linene

Garden Stend ligg inst i Fanafjorden og har ei rik historie under ulike eigarar gjennom tidene. Ut frå storleiken på nausttufta som ligg i Bjørvika, meiner ein at garden kan ha vore eit høvdingsete. Naustet er datert til om lag 200 e.Kr. og har ei lengd på 32 meter, medan det er 8 meter på det breiaste. På grunnlag av arkeologiske funn veit vi at det har vore verksemd i området for 10 000 år sidan. I mellomalderen veit vi at Stend høyrde under Nonneseter kloster med cisterciensarordenen og seinare antonittarordenen. Garden kom i privat eige i 1528, og frå 1682 til 1741 hadde garden status som adeleg setegard. Det var i året 1682 den dansk-norske embetsmannen Hans Christophersen Hiort vart adla og fekk kongebrev på at Stend skulle vera adeleg setegard, og ein reknar også med at det var dette året hovudhuset på garden vart bygt. Hovudhuset er ein treskipa bygnad, og på 1700-talet var det mellom dei største og finaste lystgardane utanfor Bergen. Hovudbruket vart kjøpt av Søndre Bergenhus amt i 1861, og har sidan det vore i fylket sitt eige. Amtet tok til med landbruksskule på eigedomen i 1866, og i 2016 markerer vi difor at det er 150 år sidan skulen vart etablert.

Draumen om hagen

Kjelder som Christie sitt kart frå 1776, Dreier sitt prospekt frå 1816 og G. A. Wilson sitt kart frå 1867 (sjå omslaget) inneheld informasjon om hagen på Stend, og i tillegg har det vore formidla sitat som på ulike vis fortalde om hagen sin prakt. Då den dansk-norske kongen Christian 5 var på vitjing i Bergensområdet i 1685, var det på Stend kongen tok inn. I ei topografisk skildring frå 1779 vart det sagt at hagen *«i Størrelse og Smukhed neppe har sin Lige paa disse Grændser»*. I 1821 omtaler biskop Pavel hagen som: *«en av de smukkeste Haver i Bergens Stift. Gud ved overalt, om det findes en saadan Buegang i Norge; i Christiania eller dets Omegn, Bogstad, Ullevold, Frogner findes den i det mindste ikke.»* Og i 1825 kallar biskop Neumann

Hagen på Stend 2015

den for *«den smukkeste Hauge, jeg har fundet i Bergens Stift med en kostelig – i lange Strækninger sig slyngende – Buegang som ingen Solstraale gjennemtrænger, og et vakkert Orangerie, hvor Vindruerne stundom modnes.»* Slike samtidige vitnesbyrd om hagen sitt ry, er blitt gjenfortalde og har slik halde historia om den vakre hagen levande. Hagen på Stend var ikkje berre for eigarane, men den var delvis open for publikum. I ein instruks til gartnar Schæffer i 1812 går det fram korleis dei som vitja hagen skulle oppføra seg når herskapet hadde opphald på Stend. Då skal folk berre passera gjennom hagen, og ikkje setja seg ned for å eta eller drikka. Hagen på Stend var med desse utsegnene løfta fram ikkje berre blant lystgardane i Bergensområdet, men bogegangen vart også løfta fram i eit nasjonalt perspektiv.

I dag er det Stend vidaregåande skule som har utvikla seg på området til den tidlegare Jordbruksskolen (namn frå 1949), med faglege tilbod som er knytte til drifta av garden. I heftet «Stend – frå høvdingsete til representasjonsstad», 2010, får vi ein kortfatta presentasjon av garden sin historie og dei ulike eigarane gjennom tidene. (5) Tittelen på heftet syner til at Hordaland fylke ønskjer å nytta hovudhuset til representasjon, med bakgrunn i eit politisk vedtak frå 1986 om at bygget skal nyttast som kulturbygg og til representasjon. I førebuingane til slik bruk vart «salongen» restaurert og utvida til opphavleg storleik, og arbeidet vart leia av restaureringsarkitekt Elin Thorsnes saman med tilsette i fylkeskommunen i åra 2005 til 2008. Hallen vart også sett i stand, og den har ei dør mot gardsplassen og ei dør mot hagen. I denne prosessen vaks også draumen om å finne ut av den historiske hagen med føremål å rekonstruera delar av den, og slik gje hovudhuset ei meir tidstypisk innråming.

Politisk vedtak og oppfølging

Arbeidet med den historiske hagen er heimla i vedtak gjort av Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune den 27.10.2010 på grunnlag av eit forprosjekt:

1. Fylkesutvalet tek forprosjektet Stend Gamle Hovudgard – Renessansehagen til etterretning.
2. Fylkesutvalet ber om at prosjekta vert ført vidare i eit hovudprosjekt og at det vart etablert ei tverretatleg styringsgruppe.
3. Fylkesutvalet ber om at ein prioriterer følgjande deltiltak: reetablering av renessansehagen, og reetablering av alléen frå sjøen.
4. Arbeidet med å kartleggje spor i det aktuelle området, ved bruk av georadar, må setjast i gang og vera eit grunnlag for avgjerd om vidare tiltak.
5. Fylkesutvalet ber om at delprosjekta vert lagt fram i eigne saker før igangsetjing.

Seminaret 2011. Sveinung Skjold og Dagfinn Moe held presentasjonar.

PROSJEKTET «HAGEN PÅ STEND»

Frå årsskiftet 2010/2011 fekk eg ansvaret for å realisera arbeidet med Hagen på Stend på grunnlag av dette vedtaket, som ein del av stillinga ved eigedomsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, (no: eigedomsavdelinga). Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg ivra for at arbeidet med hagen vart sett i gang.

Prosjektet skulle førast vidare, med alt det innebar, og i det politiske vedtaket var også eit par konkrete tingingar som georadarundersøking og organisering. Som prosjektleiar starta eg såleis på parallelle prosessar med kontakt med folk med hagefagleg kompetanse, planlegging av fagseminar, organisering av prosjektet, planar for tiltak, samt søk etter miljø med røynsle frå bruk av georadar.

Fylkesutvalet bad om at ein prioriterte reetablering av renessansehagen og alléen frå sjøen, og ut frå det ville det vidare arbeidet vera knytt til hagen og landskapet, slik kan ein sjå hagen i ein større samanheng med vekst og fall av anlegget knytt til økonomi og historie. Renessansehagen vert såleis den vesle hagen i den store hagen som er kulturlandskapet på Stend.

Eg såg det også som viktig at folk og institusjonar med interesse for historiske hagar generelt, og på Vestlandet spesielt, kunne verta inkluderte i prosjektet gjennom opne seminar og ved at resultata frå undersøkingane skulle verta publiserte fortløpande på nett. Når det gjaldt fagfolk, var det nokre namn som gjekk att hos dei ulike institusjonane og einskildpersonane som eg vende meg til, slik at det snart teikna seg ei gruppe personar frå relevante fagmiljø. Når det gjaldt bruken av georadar for å finna hagespor, fanst det ikkje særleg med røynsle i Noreg, då metoden primært hadde vore nytta til søk etter bygningar.

Den forsvunne hagen på Stend

Den politiske saka med vedtaket som er referert, hadde forprosjektet «Den forsvunne hagen på Stend» (8) som grunnlag. Landskapsarkitekten Sveinung Skjold, professor emeritus på NBMU på Ås, vann anbodet om dette forprosjektet i desember 2009 etter ei utlysing frå Hordaland fylkeskommune. Tittelen knyter han til at det i dag er få som har kjennskap til den forsvunne renessansehagen på Stend, men skriv i innleiinga at ein kan ta opp arbeidet med å rekonstruera på grunnlag av skriftlege kjelder og plandokument som er tekne vare på i fleire arkiv fram til vår tid. Han syner til kartmaterialet som alt er nemnt, og legg dei inn på dagens kart, og konkluderer med at dei ikkje gjev eit eintydig svar på hovudform eller detaljar. I forprosjektet tek han hovudsakleg utgangspunkt i Carl W. Schnitler sine hageskisser, og vurderingane hans i verket frå 1916 (1) som han hadde gjort ut frå sin bakgrunn som kunsthistorikar og sin omfattande kjennskap til hagekunst generelt og til anlegg av liknande karakter spesielt. Frå vår tid er det Magne Bruun sitt verk frå 2007 (2) som er grunnstammen i bakgrunnsstoffet. På bakgrunn av kjeldene har Skjold framlegg om ein restaureringsplan i 5 delprosjekt, der to av dei er knytte til renessansehagen med parterret framfor hovudhuset og nyttehagen som strekk seg i nordlig retning, der parkeringsplassen og «Jenteinternatet» ligg i dagens kartskisser. Skjold tek også med den delen av landskapsparken som ligg i sør på innsida av Fanavegen, som i dag går gjennom det som er restane av landskapsparken på begge sider av vegen. Alléen frå hovudhuset til sjøen er eit prosjekt. Når det gjeld metode for det vidare arbeidet, er det understreka at ein må søkje etter kva som er å finna på staden av fysiske spor på området, og at det må innarbeidast i ein endeleg plan. Dei fem deloppgåvene er illustrerte med historisk materiale, foto frå notid, planar på grunnlag av Carl W. Schnitlers «Omtrentlig rekonstruksjon av hagen», og på grunnlag av dette teikningar som

Seminaret 2011.

syner korleis det kan ha sett ut då hagen var ferdig og i full prakt. Ut frå kjeldene reknar ein med at det var i Krohn-familien si eigartid som strekte seg over fire generasjonar frå 1765 til 1842.

Utvida forprosjekt

Når det gjaldt etablering av prosjektet «Hagen på Stend» der undersøkingar av staden skulle vera grunnlag for det som vidare skulle skje med området, definerte eg eit utvida forprosjekt med komponentane:

- Geofysiske undersøkingar av hagen
- Stikkgraving, sjakting og flateavdekking
- Jord- og pollenprøvar

På eit opningsseminar den 10.05. 2011, vart det tilslutning til forprosjekt med desse komponentane, med eit tillegg: Utvida arkivsøk. Innvendinga mot forprosjektet var at det i for stor grad bygde på Schnitler sine planar for rekonstruksjon. Ein har røynsle frå at det kan vera ulike feilkjelder i det teikna materialet, og at det i teksten sjeldan er vist til kjeldane som han nytta. Med nytt arkivsøk i tillegg til undersøkingar av grunnen på staden, kunne ein koma fram til utvida kunnskap for nye planar. Både med ønskje om å få med seg dei beste fagfolka på dei ulike relevante fagområda, og sidan fylkeskommunen stod som prosjekteigar, var det også viktig å følgja dei internasjonale konvensjonane for arbeidet med hagen.

Definisjon av historiske hagar

For arbeid med historiske hagar har ein nokre internasjonale retningsliner som er nedfelte i eit dokument kalla Firenze-charteret av 1982 (7, 20). I del 1 med definisjon og mål, kan vi lesa: *«En historisk hage er en arkitektonisk og biologisk (hortikulturell) komposisjon som fra en historisk eller kunstnerisk synsvinkel er av interesse for almenheten. Dermed kan den betraktes som et minnesmerke (artikkel 1). Betegnelsen historisk hage kan i like stor grad brukes om små hager som store parker, uansett om de er utformet i formal eller landskapelig stil.» (artikkel 6). «Den historiske hagens arkitektoniske komposisjon omfatter – Plan og topografi. – Vegetasjon, det vil si arter, proporsjoner, farger, avstander og høyder. – Bygningsmessige og dekorative innslag. – Rennende vann eller stillestående vann med speilvirkning. (artikkel 4).*

I del 2 er restaurering og rekonstruksjon omtalt: *«Ingen restaurering og fremfor alt ingen rekonstruksjon av en historisk hage kan utføres uten grundige forundersøkelser som sikrer at arbeidet utføres på en vitenskapelig forsvarlig måte. Slike undersøkelser omfatter alt fra utgraving til sammenstilling av dokumentasjon om den aktuelle hagen og liknende hager.» (artikkel 15).* Det var ei målsetjing at arbeidet med Hagen på Stend skulle følgja retningslinene slik dei kjem fram i dette charteret. Arbeidet med historiske hagar er ein eigen fagdisiplin som inneber eit tverrfagleg samarbeid mellom ulike klassiske fagfelt som arkeologi, historie, botanikk og anleggsteknikk. Hagekunsthistorie ligg i skjeringspunktet mellom desse fagfelta. Innanfor kvart fagfelt vil det vera fleire fagområde som til dømes på historiefeltet med politisk og økonomisk historie, kulturhistorie og kunsthistorie. Det var viktig å få fram at fagmiljøa som vart engasjert i prosjektet, hadde eit ansvar for å inngå i og bidra til eit tverrfagleg prosjekt, (sjå omslag).

Organisering og finansiering

Finansiering av prosjektet vart ved Hordaland fylkeskommune, og det vart avgjort at midlane skulle gå frå investeringsposten «Verneverdige bygg og anlegg» som ved starten av prosjektet var på ein million, og som følgjande år vart auka til tre millionar for også å kunne omfatta hageprosjektet. Kvart år vart ei politisk sak om fordeling av midlane handsama i fylkesutvalet. Saka hadde eit kort oversyn over kva arbeid som vart utført, og kva neste steg i prosessen var. Fordelinga tok omsyn både til dei ulike fasane i hageprosjektet og til restaurering av prioriterte bygg i fylkeskommunalt eige. Slik var både administrativ og politisk leiing orienterte om arbeidet, og dei naudsynte politiske vedtaka vart gjorde kvart år.

STYRINGSGRUPPE

Styringsgruppa for prosjektet Hagen på Stend vart samansett av representantar frå eigedomsseksjonen, kultur- og idrettsavdelinga og opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune er eigar og forvaltar av området og er eigar av prosjektet «Hagen på Stend». Eigedomsseksjonen forvaltar eigedomen for fylket. Hovudhuset er det einaste bygget i fylkeskommunalt eige som er freda (1924) med heimel i kulturminnelova. Stend vidaregåande skule er som ein av utdanningsstadene i fylket administrert av opplæringsavdelinga. Arbeidet med prosjektet skulle ha overlappande struktur mellom forprosjekt, hovudprosjekt og arbeid med forvaltningsplan, og fagfolk frå skulen ville vera viktige for forvaltningsplanen og framtidig vedlikehald av området. Styringsgruppa vart etablert med eigedomssjef Helge Haavardtun, fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd, opplæringsdirektør Inger Tønder/Svein Heggheim og prosjektleiar Ingebjørg Astrup.

FAGLEG KOORDINERINGSGRUPPE

Etter oppstartseminaret vart det etablert ei fagleg koordineringsgruppe med personar frå ulike faginstitusjonar. Gruppa skulle følgje prosjektet gjennom alle prosjektfasane og bidra til planlegging av fasane og koordinering av fagmiljøa. Gruppa vart samansett av Annegreth Dietze-Schirdewahn frå Institutt for landskapsplanlegging, ILP på Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, NMBU; Per Harald Salvesen frå arboretet, Bergen museum, Universitetet i Bergen; Bjørn Lyngedal/Magnus Vaktskjold frå Stend vidaregåande skule; David Sandved frå seksjon for kulturminne og museum (no: fylkeskonservatoren), Hordaland fylkeskommune og Ingebjørg Astrup frå eigedomsseksjonen, Hordaland fylkeskommune.

FAGGRUPPER

Dette gjeld fagmiljø og kompetansegrupper som bidreg med relevant informasjon og vert engasjert til arbeid og utgreiing på spesifikke felt. Det første dømet var engasjement av NIKU, Stiftelsen Norsk institutt for kulturminneforskning, som skulle gjennomføra og tolka dei geofysiske undersøkingane med georadar. Det vart avtala med fylkeskonservator at arkeologane Vigdis Berge og Øystein Skår frå Hordaland fylkeskommune skulle ta del i dei hagearkeologiske utgravingane med arbeid i felt og registrering med teikning og foto. Dei er såleis dømе på ei faggruppe som har følgt prosjektet heile vegen.

DEN FAGLEGE KJERNEGRUPPA

Eit år ut i prosessen vart referansegruppa omgjord til kjernegruppa, då det ut frå røynsle synte seg å vera viktig med ei gruppe som var meir permanent samansett, og som fekk rolle som eit hagefagleg overordna organ. Gruppa hadde drøftingar på seminar, møte og ved e-post og hadde den samlande rapporten og plan for framtidig arbeid på området til gjennomlesing, kommentar og korrigering før dei vart publiserte. Gruppa var samla til møte med vedtak før ein gjekk i gang med hovudprosjektet med en rekonstruksjon av formalhagen framfor hovudhuset. Kjernegruppa var slik samansett: Annegreth Dietze-Schirdewahn og Bjørn Anders Fredriksen, ILP ved NMBU; Inger Ernstsson, Göteborg, hagearkeolog med eige firma; Dagfinn Moe og Per Harald Salvesen, Arboretet, Universitetet i Bergen; Mette Eggen, Riksantikvaren/eige firma; Ingebjørg Astrup, Hordaland fylkeskommune. Dei fleste var med frå 2011, Inger Ernstsson kom med frå 2012 og Bjørn A. Fredriksen frå 2013.

UNDERSØKING OG TOLKING

Eg vil ta for meg fleire av undersøkingane og tiltaka, med kommentar om kva vi søkte etter og kva vi fann. Til hjelp for å kunne få oversikt, vil eg kategorisere tiltaka. Det er rapportar for alle undersøkingane og tiltaka som er tilgjengelege på *www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/hagen-pa-stend.* Alle med interesse for prosjektet kan få omfattande informasjon frå rapportane som er tilgjengelege der. Eg vil her gje samandrag frå prosessane.

- Opne seminar 2011, 2012
- Arbeidsseminar, fagseminar, møte og telefonmøte 2011 – 2016
- Georadarundersøkingar 2011og 2012
- Arkivstudiar 2012
- Hagearkeologiske undersøkingar 2011, 2013 og 2014
- Pollenanalysar 2012
- Botanisk kartlegging 2013
- Historisk dokumentasjon og oppsummering 2010 – 2014
- Plan for framtidige tiltak 2014
- Detaljplanar 2014 – 2016
- Anlegg 2014
- Drift 2015 –

Seminar

1. Den 10.05.2011 vart det invitert til det første opne seminaret i denne prosessen, med invitasjonar både til institusjonar og einskildpersonar som eg hadde vore i kontakt med dei første månadene i året. Noko av bakgrunnen for dette valet var at eg var kjend med at det var få slike undersøkingar med rekonstruksjon som føremål i Noreg, og at ein rekna med at fleire ville koma med den ålmenne aukande hageinteressa i landet.

I utgangspunktet tenkte eg Norden som referanseområde, men etter kvart vart det Noreg og Sverige som peika seg ut. Viktige fagmiljø som tok del i oppstartseminaret var: biologi, botanikk og kunsthistorie ved Universitetet i Bergen; hagekunsthistorie ved Institutt for landskapsplanlegging,

NMBU på Ås; kulturminne, arkeologi, eigedom og opplæring i Hordaland fylkeskommune; formidling ved Bymuseet i Bergen og Riksantikvaren. Planen var at ein skulle etablera faggrupper, og inngå avtalar etter seminaret med dei som melde interesse for arbeidet med hagen på og etter seminaret.

Dokumenta som deltakarane hadde som felles referansemateriale var forprosjektet «Den forsvunne hagen på Stend» av Sveinung Skjold, «Stend – frå høvdingsete til representasjonsstad» av Hilde Fagerheim og på veggen i hallen fire plansjar om det historiske landskapet og den historiske hagen av interessegruppa på Stend ved Jone Erdal.

Programmet var som følgjer:

- Den forsvunne hagen på Stend – Ein godt bevart løyndom. Forprosjektet ved Sveinung Skjold
- Georadar som metode – ved Knut Paasche
- Et utvalg av teknikker benyttet ved studie av gamle hager – ved Dagfinn Moe
- Dokumentasjon og metoder. Om plantebruk og plantemateriale på tidlig 1900-tall – ved Synnøve Kløve-Graue

Andre del av programmet var drøfting av ulike tema med relevans for prosjektet som: Arkivmateriale, rekkjefølgje av dei vidare undersøkingane, formidling, plantemateriale, alléen, ressursar og økonomi, nettverk.

Det var eit godt arbeidsklima seminardagen. Alle som var til stades tok del med framlegg og vurderingar ut frå sitt fagfelt, og delte relevante røynsler. Det vidare arbeidet og rekkjefølgja på undersøkingane vart stadfesta, og ein ville utvida arkivsøket med von om å finna fleire opplysingar samt stadfesting av dei ein alt hadde. Sveinung Skjold talte for at ein burde rekonstruera heile hagen, og følgjeleg flytta både parkeringa og jenteinternatet. Dagfinn Moe er ein nestor innanfor det hagefaglege miljøet og har stor kunnskap om dei historiske hagane på Vestlandet. Det gjeld også kunnskap om det historiske plantematerialet.

2. Den 24.04.2012 inviterte den faglege koordineringsgruppa til ope seminar på Stend, kalla tolkingsseminar.

Programmet for seminaret var:

- Krohns hage på Stend 1771 – 1834. Presentasjon av masteroppgåve ved Karin Fossbakk
- Georadarundersøking av hageanlegget på Stend ved Knut Paasche
- Kommentar til tolking av georadarundersøking ved Lars Winroth
- Hagearkeologisk rapport ved Kristine Reiersen
- Pollenanalyse av prøver frå sjakt 1 og 2 ved Lene S. Halvorsen
- Synfaring på uteområdet ved Annegreth Dietze-Schirdewahn
- Kommentar til rapportar og vegen vidare ved Inger Ernstsson
- Forvalting av historiske hagar i Noreg. Vegen vidare for Stend ved Mette Eggen
- Nytt frå arkivet ved Annegreth Dietze-Schirdewahn

Programmet gav presentasjonar av undersøkingane frå det første året, samstundes som arbeidet vidare var tema for innleiarane etter lunsj. Deltakarane var frå dei same institusjonane som på den første samlinga, og i tillegg var Statsbygg representert med deltakarar både frå Oslo og Bergen. Av innleiarane var Inger Ernstsson ein viktig ny samarbeidsperson i kjernegruppa. Ho er hagearkeolog frå Göteborg og har mange års røynsle med historiske hagar, m.a. som intendent på Nääs slott og på Gunnebo, der ho også leia arbeidet med å føra anlegget tilbake til 1700-tals utforming. Så grunna kompetanse, røynsle og arbeidsform vart ho viktig i det vidare arbeidet med «Hagen på Stend».

Seminar 2012. Annegreth Dirtze-Schirdewahn leiar synfaringa ute på området framfor hovudhuset.

Arbeidsseminar, fagseminar, møte og telefonmøte

Som overskrifta syner var det ulike former for å samla og informera dei ulike deltakarane i prosjektet. Målet var å leggja til rette for ei felles drøfting av innhaldet i rapportane for å planleggja for neste steg, eventuelt med utviding av undersøkingane, noko som var viktig for at det skulle vera eit tverrfagleg prosjekt. I starten var det ulike fagkonstellasjonar, men etter kvart var kjernegruppa inkludert i samlingane. Som døme var kjernegruppa samla i april 2013 for å konkludera ut frå rapportane som låg føre om kva som var føresetnader for ein rekonstruksjon.

Det vart mellom anna konkludert med at grunnen framfor hovudhuset måtte drenerast om ein skulle lykkast med plantar på området. Vidare måtte ein flytta seinare prydbuskar som rododendron, fella tre som var sjuke, samt fella dei seinare planta Korea-edelgranene som tok lys frå hageområdet. Per Harald Salvesen peika ut tre og buskar, og skulen sto for flyttinga og fellinga.

Hausten 2014 hadde vi eit planteseminar der tre frå kjernegruppa hadde innleiingar som ga grunnlag for val av plantemateriale. Avgjerd om buksbomhekkar i kvartera var alt teken, og det var forsøkt å formeira materiale frå dei historiske buksbomvekstane på Milde. Det same plantematerialet er også nytta til hekkane ved Blondehuset på arboretet. Dagfinn Moe presenterte «Dokumentasjon av hageplanter i gamle hager på Vestlandet» med informasjon frå lister ved til dømes innkjøp eller takstprotokollar, hageplanar og katalogar.

Per Harald Salvesen presenterte «Gjenstående hageplanter funnet i Bergensområdet.» Han hadde ei omfattande liste over historiske hageplantar som kan klara seg ute i vestlandsklimaet. Den er grunnlag for val av vekstar til hageplanen for 2016. I tillegg presenterte han ulike typar buksbom og historiske roser.

Inger Ernstsson hadde eit innlegg om historisk reiskap og skjøtsel basert på røynsle frå drift av anlegga på Gunnebo ved Gøteborg. Prinsipp for det vidare plantearbeidet var at plantane må vera historisk riktige (med vald grense ved 1816), at ein må komponera i beda slik at ein har blomstring gjennom heile vekstsesongen med plantar i ulik høgd. Plantane må tola vestlandsklima og ut frå eit skjøtselaspekt må ein ikkje velja arter som spreiar seg for mykje.

Astrid Matland ved Damsgård hovedgård, Bymuséet i Bergen, vart engasjert til å laga ein hageplan og setja i gang arbeidet med formering av historiske plantar.

Georadar

Med trong for ein kombinasjon av kulturminnefagleg kompetanse og kjennskap til den tekniske sida ved bruk av georadar peika Stiftelsen Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU, seg ut. Kontakt ble oppretta med avdelingsleiar Knut Paasche, og første møte fann stad i mars 2011. Vi vart samde om å starta med ei vekes undersøking, og peika ut prioriterte område for søk etter den historiske hagen, som var tilgjengeleg område framfor hovudhuset og området rundt jenteinternatet. I tinginga av undersøkinga ønskte eg at området vart undersøkt for å finna moglege spor etter:

- steinmuren som omkransa hagen, dammar og anlegg for vatten (kanalar)
- grusgangar,
- tverraksen i anlegget,
- spor etter parterret ved hovudhuset.

Om ein gjorde funn på desse områda, ville ein kunna seia noko om hagen si utstrekning og få stadfesta den gometriske oppbygginga av anlegget.

NIKU samarbeida med det svenske Riksantikvarieämbetet/UVTeknikk som hadde røynsle også frå geofysisk undersøking av hagar, og dei var med i eit internasjonalt samarbeid med Austerrike om tolking av data frå georadarundersøkinga. Prosjektleiar for undersøkinga var Lise-Marie Bye Johansen, NIKU og den svenske kollegaen var Anders Bivall. Det tekniske utstyret kom frå Sverige, og i tilbodet var det understreka at prosjektet såleis er sikra tilgang til den beste kompetansen på dette fagområdet i Skandinavia. Likevel var det vanskeleg å tolka bileta frå dei ulike laga då

Arkeologane Vigdis Berge og Øystein Skår møter Lise-Marie Bye Johansen, NIKU og Anders Bivall frå RAÄ, 2011.

Mette Eggen med Lise-Marie B. Johansen og Anders Bivall, 2011.

Lars Winroth frå Modern Arkeologi, 2012.

rapporten kom. Undersøkinga vart gjennomført 2. – 6. mai 2011 og rapporten låg føre 11. august 2011. På området framfor hovudhuset var det en struktur (anomali) som var tolka til moglege rester av eit hus. I området framfor jenteinternatet var det nord for tilkomstvegen ein anomali som synte større fuktighet i grunnen, og som vart tolka til restar etter damanlegget. I samband med etterarbeidet med tolkinga kom vi i kontakt med Lars Winroth frå Modern Arkeologi i Sverige, og NIKU samarbeidde med han om presentasjonen i tolkingsseminaret.

GEORADAR II

Året etter i perioden 26. – 29. juni 2012, vart det gjort ei supplerande georadarundersøking utført av Lars Winroth og Laila Wing frå Modern Arkeologi med tolking i samarbeid med Anna Andréasson i Archaeo Garden. Det innebar at ein med dei to køyringane, har fått dekt mesteparten av hageområdet som ein har definert til undersøking ut frå dei ulike kjeldene, (fig. A). Materialet frå dei to undersøkingane vart samanfatta, og i tillegg hadde ein nokre opplysningar frå prøveprosjekt med graving av to sjakter på området,



Fig. A: Køyring med georadar på området i 2011 og 2012.

Fig. B: Anomaliar i grunnen og tolkingsframlegg.

og der det vart teke pollenprøvar. Materialet frå georaderundersøkingane vart framstilt i oversiktsfoto med funn i ulik fargekode, (fig. B). Ein tydeleg anomali var den blå L-forma i vest i det undersøkte området. I aust-vestretning var den samanfallande med kanalen i Wilson sitt kart. Med ny teknologi kunne vi få opp resultat av dagens undersøking på PC, så vi vart tidleg merksame på dette samanfallet og gledde oss over det. Anomalien var synleg på djup mellom 30 til 150 cm. Den er 34 meter i retning aust-vest, 41 meter i retning nord-sør og 5 meter brei. I den hagearkeologiske undersøkinga frå året før vart det tatt pollenprøvar i sjakt (S2). I botnlaga fann ein fleire artar som lever i vatten. Dette var viktig då det hadde vore drøfting om det var kanalen ein fekk snitt av, då ein ikkje fann spor av eit tettande botnlag som til dømes leire. Ein vurderte det til at om kanalen hadde ein drenerande funksjon, er det ikkje sikkert at det fanst noko leirlag. Kanalen si nord-sørretning flukta i ytterkant med hovudhuset sin fasade når ein forlenga linja. På bakgrunn av den historiske teksten der kanalen var å

finna like innanfor muren, sat vi no med bilete av hagen si utstrekning i vest! Røynsla vår etter så omfattande undersøkingar som dei frå 2011 og 2012, er at ein er avhengig av å ha folk som har røynsle frå georadarundersøking av hageanlegg, slik at ein har reelt grunnlag til å gjera rette tolkingar av dei tekniske resultata.

Arkivarbeid

På opningsseminaret var ein av konklusjonane at vi skulle halda fram med arkivarbeidet, både for å få stadfesta dei refererte utsegnene om hagen, og for å innhenta ny kunnskap. Karin Fossbakk har i samband med masteroppgåva si (6) søkt i Statsarkivet/Manuskriptsamlinga i 2011. Annegreth Dietze-Schirdewahn arbeidde ei veke med arkivarbeid i Statsarkivet i Bergen og Manuskriptsamlinga ved Universitet i Bergen i samarbeid med arkivar Yngve Nedrebø ved Statsarkivet. Rapport låg føre den 30.11.2012. (17). Fleire av utsegnene som priste hageanlegget, var frå Krohnfamilien si tid. Det Krohnske familie- og forretningsarkivet vart undersøkt. Vi ønskte vidare å søkja etter materiale frå huset sin første fase, som vi reknar med også har hatt eit hageanlegg. Dessutan ville vi freista å henta ut meir informasjon frå Christie sitt originalkart på 50x40 cm. Kartet hadde som funksjon å visa eigedomsgrensene, og ut frå fargehaldning og stil kan det sjå ut til at hagen er teikna inn seinare, truleg i perioden mellom 1830 og 1849 då det vart laga ei oppsummering av Krohnfamilien si historie. I avsnittet kalla konklusjonar, er det vist til funna frå denne familien sin eigarperiode. Det gav ei stadfesting av opplysningane i Schnitler si bok frå 1916, og Bergem sin artikkel frå 1917. Det er rimeleg at dei har hatt tilgang til det Krohnske arkiv. Gjennom inventarlistene ved eigarskifte og familiehistoria kan vi følgja utviklinga av hagen, og slik ha eit grunnlag for å få fram dei ulike hagelaga i hagehistoria.

GARTNARHISTORIA

I historia om hagen har det vore synt til at eigarane henta inn personar med hagekompetanse frå kontinentet. I det Krohnske arkivet er nokre av gartnarane dokumenterte, anten ved tilsetjing eller ved føring av utbetalt løn. Matthias Gartner og Mons Olsen er nemnde i 1792, Valentin Hansen frå Glücksburg i 1799, Martin Schæffer i 1802, og Joachim Heinrich Steffens er nemnd i 1810. Han vart invitert til Stend og reisepengar er betalt og bokført, men ein kan ikkje finna utbetaling av løn. Så slik kan ein spekulera i om han vart lønt i form av naturalia eller andre rettar, eller om han etter synfaring takka nei til tilbodet.

Første grøft er opna, Kristine, Øystein, Vigdis og Annegreth startar undersøkinga, 2011.

Hagearkeologiske registreringer

1. I august 2011 var det avsett to veker til hagearkeologisk arbeid som starta med ein seminardag 15. august og med arbeid i felt 16. – 26. august. I prosjektgruppa var Kristine Reiersen, arkeolog; Annegreth Dietze-Schirdewahn, landskapsarkitekt og førsteamanuensis; Øystein Skår, arkeolog HFK; Vigdis Berge, arkeolog HFK; Heidi Handeland, arkeolog HFK; Ingebjørg Astrup, prosjektleiar HFK. I framdriftsplanen var prøvegraving sett til august 2011 etter at resultata frå 1. georadarundersøking var klare. Ut frå tolkingane var det samanfall med eit område nord

Annegreth køyrer animasjon av georadarmaterialet frå kontorplassen ved søylene.

Kristine med kontorplass på sjaktkanten med registrering av funn.

Steinpakninga i sjakt 1, 2011.

Kanalen i sjakt 2 skal registrerast, 2011.

for vegen til jenteinternatet mellom eit felt som kunne ha vore fuktig og kanalen i Wilson sitt kart. To moment var viktige her: var det kanalen vi hadde funne? Pollenavsetjing i vatn kan gje godt utgangspunkt for pollenprøvar. Ein anomali framfor hovudhuset var i NIKU sin tolking sett som hus/fundament. Det var viktig å avklara om det var eit hus eller anna som var omfatta av kulturminnelovens § 4, og om det i tilfelle ville krevja anna undersøking. Som prøvegraving var det også viktig å sjå om det kunne vera eldre hagelag under plenen. Med verksemda til ein jordbruksskule kunne laga vera rota om, og ein kunne ha lag av tilført masse. Det siste synte seg å vera tilfelle i sjakt 1. Der avdekte vi også ei steinpakning som det ikkje var noka umiddelbar tolking av. Seinare i prosessen har ein vurdert om den kan ha høyrt til det første hageanlegget ved huset. Det vart drøfting av det moglege kanalfunnet, som er omtalt i avsnittet om pollenanalysane. Steinpakninga vi fann på begge sider av kanalen, vart tolka som fundament for ein eventuell bru over kanalen. Trematerialet vi fann i botnen, kan ha vore frå reguleringsmekanisme for vatnet med tanke på at det var fisk i anlegget. Materialet vart sendt til datering, men det gav oss ikkje noko presist resultat som kunne hjelpa oss med tolkinga. (11)

2. I juni 2013 var det fem dagars feltarbeid 10. – 14. juni og ei mindre undersøking 30. september og 1. oktober i samband med utvida tilførselsveg til jenteinternatet. Undersøkinga hadde 7 nye sjakter (3 til 10). Framleis ønskte ein å finna svar på yttergrensene til hagen og spor etter tverraksen og parterret. Georadarundersøkinga frå 2012 og tolkinga av den gav fleire spor som ein ville undersøkja. I prosjekgruppa var hagearkeolog Inger Ernstsson, som leia arbeidet i denne undersøkinga; arkeologane Vigdis Berge og Øystein Skår; landskapsarkitektane Annegreth Dietze-Schirdewahn og Bjørn Anders Fredriksen og prosjektleiar Ingebjørg Astrup. Maskinkøyrar var Tomas Håvardstun.

Undersøkinga påviste: Hovudgangen sin plassering og breidde (sjakt 3); ein mindre parallellgang nord for hovudgangen (sjakt 3 og 6); mogleg fundament til gang i tverraksen (sjakt 8); fundament til steingjerde/mur som sannsynleg er den austlege avgrensinga av hageanlegget; overgangen mellom plassen framfor hovudbygget og formalhagen (sjakt 7); ytterlegare indikasjonar på damanlegg (sjakt 9 og 10). (12)

3. I juni 2014 var den neste og siste hagearkeologiske utgravinga med feltarbeid 10. – 13. juni. I drøftinga av rekonstruksjon av hagen framfor hovudhuset vart det konkludert med at ein føresetnad var at området måtte drenerast. I forarbeidet for denne undersøkinga var grøfting ein premiss, og overvaking av gravinga med dokumentasjon av snitt og

Vigdis reinskar fundamentet for muren som ut frå tolkinga markerer hagegrensa i aust, 2013.

Feltarbeid i 2013. Inger og Bjørn Anders får fram oppbygginga av midtgangen.

Arbeidsgruppa ved sjakten i nordaust. Øystein, Vigdis, Ingebjørg, Bjørn Anders, Annegreth og Inger, 2013.

eventuelle funn gjekk parallelt med dette arbeidet. Så langt det var mogleg, ville ein leggja grøftene der vegane skulle etablerast. Vegen i hovudaksen hadde ein solid konstruksjon, så ein valde å grøfta på begge sider av denne. Vegen har gått ut midt på huset, og forskvinga av vegen er ein seinare konstruksjon. Eit viktig grep var å sjå hageanlegget relatert til proporsjonane i huset med plassering av vindauga. På bakgrunn av det vart sidene i kvartera regulert frå 10 meter, etter funn i 2012, til 9,45 m (15 alen) og vegbreidda justert med 10 cm til 3 meter. Med den inndelinga trefte vi på ei kistegrøft på sørsida av parterret, presis der vi grov for ny drenering. Der vi meinte tverraksen mellom kvartera hadde gått, var det plantegropar i kvarterhjørna. På eit par stader i tverraksen låg grunnfjellet høgt oppe, og det var følgjeleg logisk at det ikkje har vore planta der, men at det fungerte som fundament for hagegangen. Med den valde storleiken, var det rom for fire kvarter mellom forplassen til huset og Fanavegen. Det var såleis ei glede å sjå korleis planen passa med funn i grunnen. I hovudaksen ut frå huset hadde kvartera avkutta hjørne, slik at vegen frå huset vart meir inviterande. Spor av dekket som vi fann, var naturgrus med 0-4 fraksjon. Steinen var gneis med ein mørk sandfarge, og såleis fann vi materiale som braut med vår forventing om kvite hagevegar. Det var intensiv jobbing dei fire arbeidsdagane, for funn og tolkingar skulle legge grunnlag for anleggsperioden som vi starta opp med grøftinga. Det var dei same fagfolka som tok del året før. I tillegg kom landskaps-

Hagearkeologisk undersøking 2014. Inger, Annegreth og Anne inspiserer første sjakt langs hovudaksen.

arkitekt Anne Irgens, Nordconsult, som skulle vidareføra arbeidet inn i anleggsperioden mellom anna med meir detaljert planunderlag.

Inger og Bjørn Anders i sjakt mot landskapshagen i sør, 2014.

Tommy Michalsen frå Tommys hage og anlegg AS var engasjert for anleggsarbeidet, og han og Håvard Mikkelsen var maskinkøyrarar i denne undersøkinga. Med basishaldning til å opne opp så lite som mogleg ved sjakting i dei tidlegare hagearkeologiske registreringane, var det no i hovudsak lange sjakter nummerert frå 11 til 20, og slik omfattande undersøkingar av området som vi ønskja å rekonstruera. (13)

Pollenanalyser i sjakt 1 og 2

Pollenprøvane vart tekne av Vigdis Berge under prøvegravinga av sjakt 1 og 2 i august 2011, og analyserte og tolka av Lene S. Halvorsen. Rapportane låg føre i mars 2012. Det var tatt sekvensar med 8 pollenprøver i kvar av sjaktene. Det var spor i pollensekvensane etter plantar

som har vore planta i hagen eller i krukker som har vore flytta inn om vinteren. Valnøtt er nemnd her, men den kan også klara seg på friland. I rapportane er det analyse av dei ulike laga som prøvane er frå og pollendiagram med oversyn. I dei øvre laga i sjakt 1 var det spor etter beiteindikerande urter og korndyrking. Laget som vart vurdert som mogleg hagelag, synte seg å vera lag med typisk prøve frå jordbruksjord. Den øvste prøven vart tolka til å vera tilført masse til eit mogleg dyrkingslag. Det var såleis ikkje spor frå hagelag i prøvane frå denne sjakta.

I sjakt 2 synte pollen- og makrofossilanalysen av botnlaget at det har vore ope vatn i perioden som avsette torvlaget som har pollen frå fleire artar som lever i vatn, og i tillegg var grønalgar, vasslopper, larvehus og vårfloge til stades. Det stadfestar at det nedre laget er frå kanalen, noko som var ein av teoriane etter gravinga, og som vi søkte etter ut frå tolkinga av georadarundersøkinga. Det var spor etter lønn/platanlønn og hestekastanje som høver med opplysingar om alléen ved landevegen som vart anlagd på slutten av 1700-talet. Det er også pollen frå ask og lind som kan vera spor etter lauvgangen i hagen. Av prydplantar har ein pollen frå stor-/tyri-prakthjelm, frøstjerne, soleier og nellik. Innanfor pollentypar kan det vera asters, ringblom eller tagetes og prydblåklokker. Lene Halvorsen har også laga ein tabell der ho samanstiller funna på Stend med funn frå Damsgård hovedgård, Baroniet i Rosendal og Milde herregård. (14, 15)

Planteregistrering – Herbarium

I vekstsesongen 2013 var Siri B. Skoglund engasjert for å registrera historiske hageplanter i formalhagen og landskapshagen. Dei fleste funna

Buksbom frå Milde.

Per Harald Salvesen inspiserer hekken ved blondehuset på Milde.

var i landskapshagen under trea, der ho fokuserte på plantar som kan ha forvilla seg frå hagen. Det var primært laukplantar som krokus, scilla, snøklokker, krøll-lilje og villtulipan, men også staudar som krypfredlaus og spansk kjørvel. Funna frå hagen var dokumentert både med plantelister og foto i rapporten og med innsamla plantar til eit herbarium. Per Salvesen var rettleiar for Siri under arbeidet hennar med registreringa. (16)

Historisk dokumentasjon

Dei visuelle kjeldene, som Christie sitt kart frå 1776, Dreier sitt prospekt frå 1816, og eit gardskart utarbeidd av G. A. Wilson i 1867, har vore nytta ved alle fasane av prosjektet. Wilson var den første styraren på landbruksskulen. I tillegg til landbruksareala har kartet også med hagen. Av kjeldene som forprosjektet nyttar, ligg det føre ein del informasjon om hagehistoria på Stend i C. W. Schnitler si bok frå 1916 (1) og i ein artikkel ved hagebrukslærar Bergem om «Havebruket» på Stend i jubileumsheftet til skolen sitt 50-årsjubileum, publisert i 1917 (3). Sidan dei sjeldan oppgjev kjelder, men likevel ofte er nytta som referansar, var arkivarbeidet og samandraget av det særs viktig for å vita om vi i arbeidet kunne byggja på dei nemnde historiske kjeldene. Som det er gjort greie for, var det Annegreth Dietze-Schirdewahn som utførde dette arbeidet. Heilt frå starten har ho vore ein viktig fagperson i prosjektet, og med henne og NMBU vi har inngått råmeavtalar for ulike fasar av arbeidet. Som vist til i avsnittet med definisjon av historiske hagar, ligg hagekunst i skjeringspunktet mellom fleire fag, og NMBU har kompetanse på fleire av disse. Annegreth Dietze-Schirdewahn vart også professor i hagekunsthistorie i 2014. Med rolla si i prosjektorganisasjonen, har ho vore ein viktig fagleg samtalepart for prosjektleiar. Ho var rettleiar for studenten Karin Fossbakk som tok sin masteroppgåve på «Krohns hage på Stend 1771 – 1834» (6) ei oppgåve som kom tidleg i prosessen, og som gav eit godt oversyn for det som var kjend av historisk dokumentasjon. Første del av oppgåva nytta vi til informasjon for fagpersonane som kom inn i prosjektet. Nyttig var det også at Fossbakk var kritisk til Schnitler sine framlegg til rekonstruksjon, slik at det var med å gje eit drøftingsgrunnlag i tidleg fase. I mi vurdering var den mest relevante innvendinga den som gjekk på feile mål på hovudhuset med dei følgjene det fekk proporsjonane for hagen. ILP tok også oppdraget med å samanstilla resultata frå alle undersøkingane i rapporten «Stend Hovedgård – sammendrag forprosjekt» (18)

KONKLUSJONAR FOR RENESSANSEHAGEN

Schnitler og Bergem skreiv at forma på hagen var rektangulær med hovudhuset ved enden av hagen si langside i sør. Rundt hagen var det ein torvtekt mur med snorrette kanalar innanfor. Kanalane var truleg anlagde for å drenera den våte grunnen, og dei gav samstundes hagen preg av «hollandske havemotiv». I den eine enden var det fire rektangulære dammar for karper og karussar. Kanalar og basseng var djupe med bratte skråningar, som var planta med ein gulblomstrande slyngvekst. Dei syner vidare til ein bogegang, eit typisk renessansemotiv, med lind- og asketre som var strengt klipte slik at dei forma ein tett gang med kvelv over. Framfor huset låg blomsterparterret.

Ut frå undersøkingar og rapportar frå arbeidet med arkivmateriale, georadarundersøkningar, hagearkeologiske undersøkingar og pollenanalysar vart opplysningane stilte saman for å få eit heilskapsbilete av det som ein no kjende til om den historiske hagen på Stend. Arkivsøka førde til at Annegreth Dietze-Schirdewahn laga eit samandrag der ho gjer greie for dei ulike hagelaga i utviklinga av hagen der vi får stadfesta kva element hagen hadde, og vidare at skildringa frå 1916 vert underbygd når ein fører saman opplysningane (18).

HAGELAG 1680-TALET

Den danske embetsmannen Hans Christophersen Hiort skal ha bygd hovudhuset i 1682. Vi reknar det som sannsynleg at han anla den første hagen på Stend. Om ein ser på andre anlegg frå slutten av 1600-talet, veit vi at ved eit påkosta hus vart det etablert eit hageanlegg. Frå den hagearkeologiske undersøkinga i 2011 vurderte vi steinpakninga som vart undersøkt, til å kunne ha høyrt til den opphavlege hagen. I gravinga frå 2013 la vi ei sjakt på tvers av hovudgangen til huset. Det snittet synte ein særs solid oppbygging av hagegangen. Den stadfesta at hovudgangen ligg heilt i midtaksen til hovudhuset, gangen var oppbygd med kantsette steinar med mindre steinar imellom, noko som truleg har hatt drenerande effekt. Denne oppbygginga av gangen kan vera frå Hiort si tid. 50 år etter Hiort si tid gjev ein auksjonsplakat frå 1741 opplysningar som kan gje haldepunkt for at det var «En hage med et stort og 2de smaae Lyst-Hùùse samt 2 Fiske-Damme.» Arkivsøket i Bergen ga oss ikkje fleire opplysingar om Hiort. I eit vidare arbeid kan det vera viktig å søkja i danske arkiv i København der det kan vera mogleg å finna materiale frå Hiort si tid.

HAGELAG 1741 – 1765

Cancelliraad Wollert Danckertsen eigde fleire eigedomar i Bergen, men budde på Stend. Frå inventarlista i 1765, då søstera Gjertrud Krohn tok over garden, er hagen med steingard nemnd «inhægnet med Steen Gjerde» og igjen dei to fiskedammane – «i de flere Carusser», eit lysthus, eit materialhus og fleire hus utanfor steingjerdet. (UIB NR MS 466c). Det var eit formalt anlegg innanfor gjerdet. Annegreth Dietze-Schirdewahn tenkjer at kanalen med eventuell bru over kan vera frå denne tida. Om ein tek opplysninga om steingjerdet bokstaveleg, vil det seia at gjerdet vart bygd rundt heile anlegget, og følgjeleg at storleiken på hagen har vore den same sidan denne tida.

HAGELAGA 1765 – 1789 OG 1792 – 1834

Sønene til Gjertrud, Wollert og Dankert Krohn, tok over garden, og frå 1782 eigde etatsraad Wollert Krohn Stend aleine. Det er frå denne tida at vi har det første kartet som syner hageanlegget. Kartet er langa av landmålar (konduktør) Werner Hosewinckel Christie i 1776. Arkivmaterialet syner aktivitet i og rundt hageanlegget. I 1784 vert hagestatuar leverte til Stend, og dei kom frå S. Halkier i København. Bogegangen vert omtala i 1779. Sonen agent Wollert Krohn og soneson konsul Wollert Krohn vidarefører arbeidet med hageanlegget, og sistnemnde skriv på midten av 1800-talet ein familiehistorie der det også kjem fram informasjon om hagen. Bestefaren fekk oppført eit for den tida stort drivhus, og kostbare tre og plantar vart innkjøpte frå Hamburg og København. Bogegangen vert nemnd i samband med oppstilling av hagefigurane. Oransjeriet vert stadfesta, og frå 1804 er det ein faktura som stadfestar innkjøp av oransjeriplantar. I Dreier sitt prospekt (1816) er plassering av oransjeriet i det nordaustre hjørnet av hagen med ein arkitektonisk utforming kalla svanehals. Det er samanfall i plasseringa med ein avmerking av eit bygg i Christie sitt kart frå 1776.

HAGELAG FRÅ 1861 TIL I DAG

Wilson sitt kart frå 1867 syner noko av hageanlegget som vi no har blitt kjende med: hovud- og tverraksen i hageanlegget og lysthuset i hovudaksen og kanalar og dammar.
På foto frå anlegget med den nye hagen frå 1935, kan vi sjå at hagen framfor huset er forenkla.

Hovudprosjekt

Plan

På grunnlag av undersøkingane og kjennskap til hagen og omgjevnadene utforma Bjørn A. Fredriksen og Annegreth Dietze-Schirdewahn planframlegget «Stend hovedgård – plan for fremtidige tiltak» (19) Denne hadde høyringsrunde til alle impliserte både fagleg og organisatorisk. Planen for hagen vert sett i samanheng med kulturlandskapet på Stend. Den peikar på lina mellom sjøen og garden, landskapshagen og ulike element vi kjenner til frå formalhagen. Planen omtalar bygg på området som kan nyttast i samband med hagen, og ivaretaking av drivhuset frå 1908. Plan for gjenskaping av formalhagen vert skissert, og mot hovudvegen legg ein opp til at ein støyskjerm forbetrar opplevinga av hagen. Området i hagen som er undersøkt, er på 20 dekar, og framlegget til prosjekteringsområde dekkjer 3 dekar.

På grunnlag av planen for framtidige tiltak vart det utarbeidd eit anbodsgrunnlag for drenering og utarbeiding av dei fire kvartera framfor hovudhuset. Etter utlysing og konkurranse, var det Tommys hage og anlegg AS ved Tommy Michelsen som fekk oppdraget. Frå den 10. juni 2014 var gravinga av grøfter i gang som ei overvaka graving som i praksis vart den tredje hagearkeologiske utgravinga. Denne overgangen gjekk over all forventning, og tidleg fekk vi stadfesting på at måla vi justerte på veg og kvarter høvde med funn på staden. Det var god stemning og intenst arbeid då det berre var fire dagar at alle fagfolka var til stades.

Anlegg

Då dreneringssystemet måtte løysast på noko anna vis enn tenkt på grunn av at vi støtte på grunnfjell eit par stader, vart løysinga at vi måtte drenera for heile strekket, og slik la ein grunnlag for åtte kvarter i strekket mot Fanavegen og to i tverraksen mot dagens parkering. Det vart slik ei utviding av prosjektet som var i samsvar med plan. For å få ønskt avrenning i røyrsystemet i grøftene, løfta ein heile overflata mot sør og senka nokre av punkta mot nord, slik at det vart ein høgdeforskjell på 80 cm frå høgste punktet til grøft der vatnet vart leidd med røyr mot kum på parkeringa. Det innebar opning av asfaltdekket der og reasfaltering. Det var eit mål at opplevinga av hagefeltet vart naturleg, slik at fallet i terreng vart ca 1:50 Det vart lagt fiberduk i grøftene, sett ned kummar og drensrøyr i grøftene og fylt i grøftemasse. Vidare var det avskaving av torv på heile området.

Med tanke på framtidig vedlikehald av kvartera, vart det sett ned faste punkt med røyr for snorstrekk i hjørna på dei, og alle punkta vart målt inn av Geosurvey. Det vart lagt berelag på alle gangvegar. Det vart utarbeidd målsette plankart og detaljteikningar for kvartera og overgangen mellom parterret og grusgangane av Norconsult i samråd med NMBU. Det vart grave ut for stiane i parterret og lagt duk og masse for stiunderlag. I tillegg til eksisterande jord, som synte seg å ha god kvalitet, vart det lagt på supplerande matjord i kvartera. Sidan vi må ha ny produksjon av buksbomplantane, som følgjeleg må plantast ut seinare, bestemde vi oss for å ha graskantar ved etableringa av anlegget, noko som det også er historisk grunnlag for. Ferdigplen vart skore til og lagd i kvartera og rulleplen på markene rundt dei. Det var eit heilt team på feltet med fire

Anlegg av tverraksen, 2014.

Kvartera tek form med graskantar, 2014.

mann til jordarbeid og to mann til rulleplen, og nokre av elevane frå anleggslina tok del i dette arbeidet. Fredrik Holmedal hadde den daglege arbeidsleiinga. Daniel Szopkó frå Ungarn hadde røynsle frå Ungarn med stell av historiske grøntanlegg. Det vart lagt ned eit vatningssystem frå huset med tre påkoplingspunkt i kummar i hagen, slik at ein kan kopla på når det måtte vera trong for vatning.
På plassen framfor huset måtte ein søkja løysingar for å få leia vekk overflatevatn og vatn frå takrennene. Det vart laga ein liten natur-mur der terrenget skråna frå plassen i sør, og seinare vart det lagt til rette for at ein kunne koma opp frå hagesida til den vetle høgda der ein benk bygd i Kebony etter teikning frå Gunnebo, vart plassert. For at plenen skulle ta seg opp, var det fjerning av lauv på området i to omgangar. Anleggsperioden strekte seg fram til jul. I den perioden var det sju bygg-møte frå 20.06 til 24.11 der Tommy Michelsen, Anne Irgens og Ingebjørg Astrup tok del, på einskilde møte Fredrik Holmedal. Referat frå møte gjekk også til fagfolka frå tredje hagearkeologiske registrering. Dei vart også involverte i drøftinga av utforming av støyveggen, der ein hadde ønske om å laga eit inngangsparti i hovudaksen, der porten skulle utformast slik at den gav assosiasjon til lysthuset som har lege der Fanavegen går eller like ved vegen. Skissa relaterte seg staden og til gamle Bergensfoto av bakgårdsvegger. På våren var det dialog om toppdekket til veg og hagegangar og plassen framfor

huset med foto vedlagt e-postane. Det vart lagt ut 8 prøvefelt med ulik grus og blanding av dei. Fargemessig var vi nøgd med Modalengrusen, men ved utlegging var den litt for sandaktig. Eit felt vart lagt ut i januar, og det fungerte betre då finstoffet var vaska ned og dekket tørka opp, og i slutten av mars på byggmøte 8 vart det avgjort at det var Modalengrusen vi gjekk for. På same byggemøte vart det planlagd start av fresing av plantefelta, slik at vi kunne starta utplanting av sommarblomar, urter og korn. For vekstsesongen 2016 er planteplan med historisk riktige plantar klar. Planen er utforma av Astrid Matland i samråd med Tommy Michelsen og Anne Irgens.

Drift

Frå byrjinga av prosjektet har representantar frå Stend vidaregåande skule vore involverte. Det gjeld både administrasjon og fagfolk frå anlegg og landbruk. Slik har fleire av dei tilsette vorte dregne inn i og kjende med prosessane. Tommys hage drifta anlegget i 2015 med noko deltaking frå skulen. Det er i vekstsesongen 2016 at ein må samarbeida om erfaringsoverføring både i praksis og ved ein overlevert FDV-plan, plan for forvalting, drift og vedlikehald, for skjøtsel av hagen for åra frametter. Det er Asbjørn Olsmo som er peika ut til å gå inn i dette samarbeidet. Hagebruket har hatt ei lang historie på Stend, først med den historiske hagen og så med den 150 år lange historia til skulen som vert feira i 2016.

Perspektiv frametter

Ein hage er som ein levande organisme, og vekstar og uttrykk vil kunne endra seg. Kvartera i den delen av hagen som vi har rekonstruert, har vi lagt opp til skal vera permanente og presise. Men når ein får flytta parkeringsplassen, kan ein arbeida vidare med tverraksen, og kan hende kan nokre av fiske-

Stiane i kvartera vert gravde ut, kledde med duk og fylt i, 2014.

Ulike prøvefelt med grus vert lagt ut, 2015.

dammane oppstå att. Arbeidet med alléen kan ein ta opp, og bygging av orangeriet kan realiserast. Når det gjeld arkivarbeid, kan det vera meir å finna i det Krohnske arkivet, og opplysningar frå Hiort si tid kan ein søkja etter i København. Men om dette ligg noko fram i tid, kan ein gle seg over hagen slik den no står fram.

Bergem skriv i sin artikkel 1917 om korleis den nye hagen på Stend, skulehagen, vart til, og at «Havebruk» fekk sin plass i undervisninga ved landbruksskolen heilt frå starten. Hagen låg på området sørvest for tilkomstvegen til skulen. I 1895 vart det etablert ein fast gartnarstilling på skulen, og gartnar Ivar Bleiklie vart tilsett til nyttår 1896. Ei ny tid med drenering, planering og planting kom dei følgjande åra. Merksemda vart ein annan stad enn på den historiske hagen. Han skreiv vidare at då skulen overtok anlegget i 1861, ..*«var øksen allerede lagt ved roten av træet. Hagen var da temmelig meget i forfald, og nu gikk den naturligvis raskt sin undergang imøte. Forstaaelse av havens kulturhistoriske værd manglet. En tanke for sig vilde det være om ikke haven, ialfald delvis, burde oparbeides paa nyt efter den gamle grundplan».*

Vi som lever hundre år seinare får i alle høve gleda ved å sjå dette realisert!

For meg som prosjektleiar har det vore ei glede å samarbeida med så mange dyktige og dedikerte fagfolk. Eg vil med dette takka alle som har vore involverte i prosjektet.

I nyttekvartera veks det urter og korn frå 2015.

Litteraturliste

1. Schnitler, Carl W. *Norske haver i gammel og ny tid,* Centraltrykkeriet, Kristiania 1916.
2. Bruun, Magne. *Norske hager gjennom tusen år,* Andresen & Butenschøn, Oslo 2007.
3. Bergem, Nils. *Havebruket. Søndre Bergenhus Amts Landbruksskole: særlig skolen paa Stend, 1866 – 1916,* Bergen 1917
4. Moe, Dagfinn. Salvesen, Per Harald. Øvstedal, Dag Olav (red). *Historiske hager,* Bergen 2000.
5. Fagerheim, Hilde. *Stend frå høvdingsete til representasjonsstad.* Bodoni AS, Hordaland 2010.
6. Fossbakk, *Karin Krohns hage på Stend 1771 – 1834*, Masteroppgave, NMBU 2011.
7. Flink, Maria. *Historiska Trädgårdar. Att bevara ett föränderligt kulturarv,* Carlsson Bokförlag, Stockholm 2013.

Bidrag frå prosjektet – planar og rapportar

8. Skjold, Sveinung. *Den forsvunne hagen på Stend,* landskapsarkitekt MNLA, NMBU 2010.
9. Johansen, Lise-Marie Bye og Biwall, Anders. *Georaderundersøkelser av hageanlegget på Stend, NIKU rapport 155 og RAÄ,* Oslo 2011.
10. Winroth, Lars og Andréasson, Anna. *Trägårdsarkeologisk georadarundersökning 2012,* Modern Arkeologi og Archaeo Garden, Sverige, HFK rapport 60 Hordaland 2012.
11. Reiersen, Kristine og Hordaland fylkeskommune. *Hagearkeologisk registrering i samband med reetablering av renessansehagen på Stend,* HFK rapport 72, Hordaland 2011.
12. Hordaland fylkeskommune Berge, Vigdis og Skår Øystein. *Hagearkeologisk registrering i samband med reetablering av renessansehagen på Stend,* HFK rapport 72, Hordaland 2013/2014.
13. HFK/ILP *Oppsummering av hagearkeologisk undersøkelse i forbindelse med dreneringsarbeider på Stend i juni 2014.* Rapport 2016.
14. Halvorsen, Lene. *Pollenanalyser av prøver fra sjakt 1b,* De naturhistoriske samlinger, rapport 3, UiB 2012.
15. Halvorsen, Lene. *Pollenanalyser av prøver fra sjakt 2,* De naturhistoriske samlinger, rapport 1, UIB 2012
16. Skoglund, Siri. *Botanisk kartlegging av dagens hage ved Stend Hovedgård,* Bergen 2013
17. Institutt for landskapsplanlegging, Dietze-Schirdewahn, Annegreth. *Stend hovedgård. Sammendrag arkivsøk,* NMBU 2012.
18. Institutt for landskapsplanlegging, Dietze-Schirdewahn, Annegreth. *Stend hovedgård. Sammendrag Forprosjekt,* NMBU 2013.
19. Institutt for landskapsplanlegging, Dietze-Schirdewahn, Annegreth og Fredriksen, Bjørn Anders. *Stend hovedgård. Plan for fremtidige tiltak,* NMBU 2014.

Internett

20. ICOMOS. Charteret av Firenze, *http://www.international.icomos.org* (Omsettinga til norsk her er ved Mette Eggen.)
21. Studentarbeid 2009. 3D visualisering i arbeid med restaurering og bevaring av historiske hager. *laa321.blogspot.no*

Plan teikna av Norconsult, 2014

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE
ISBN 978-82-91679-74-6